

Sykkelquiz - trim for kropp og hjerne.

30.04.2018



Arkivfoto frå det same arrangementet i 2009. På biletet ser vi Hanne Saghaug Kroka, Roger Saghaug og Johan Kroka.

I forkant av opninga av Gull av Gruss vert alle inviterte til Sykkelquiz rundt dalen. Det er fammøte og start på skuleplassen mellom kl. 10 og kl. 11. Med 10 postar og 3 spørsmål på kvar av dei, er det lagt opp til god trim både for kropp og hjerne. Sykkelquizen er ikkje ny. Idrettslaget kan syna til rundt 10 slike arrangement før.

Spørsmåla har ulike tema og høver godt for heile familien. Minst eit av dei tre spørsmåla på kvar post er laga med tanke på born.

Det er fine premiar som mellom anna er sponsa av næringslivet i bygda. Det vert sal av kaffi, saft og kake. Betal kontant eller med vippes. Inntekta går til fotballgruppa, laget G13, som skal til Bø Cup i sommar.

Tekst/nett: Kristian Bringdal

Foto: Janne Gloppen Hjønnevåg